



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/25217-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.03.2021

Uttale til dispensasjonssøknad – Oppføring av sagbrukshall og landbrukshall – gnr. 186 bnr. 2 Åse nordre – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 08.02.2021. Saka gjeld søknad om oppføring av sagbruksbygg og landbrukshall på gnr. 186 bnr. 2, Åse nordre i Alver kommune. Høyringsfristen på 4 veker frå oversendinga er gått ut. Statens vegvesen vel likevel å gje ei uttale i saka då vi ser at tiltaket kan kome i konflikt med våre interesser.

Planstatus

Området der tiltakshavar ynskjer å føre opp sagbruksbygg ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Området der tiltakshavar ynskjer å føre opp landbrukshall ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som spreidd framtidig næringsbebyggelse LSN 7C. Det går fram under punkt 2.2.3 at det er krav om detaljregulering for området.

Området er omfatta av sone for bandlegging til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen (H710). Sagbruk og landbruksbygg er omfatta av omsynssone friluftsliv (H530_oL30) mens og omsynssone landbruk (H510_oF08) gjeld kun for området der det er planlagt sagbruk.

Uttale

Alver kommune opplyser at tiltaket krev dispensasjon frå plankravet som gjeld for området, men at det ikkje er søkt om slik dispensasjon. Vedlagt søknaden som er oversendt ligg ein søknad om dispensasjon frå Arild Åse der han ber om å få byggje innanfor det bandlagte arealet for utredning av korridor for ny Ev. 39 Flatøy – Eikefettunnelen. Vi uttalar oss på bakgrunn av dette.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER


Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Kommunedelplan Ev. 39 Flatøy – Eikefettunellen er framleis i prosess og førebels ikkje oversendt til kommunen. I førebels utkast til kommunedelplan med konsekvensutgreiing tilrår Statens vegvesen tre kombinasjonsalternativ for vidare regulering:

- F3-V3-M4-A2
- F3-V4-M4-A2
- F3-V100-M4-A2



Før kommunedelplanen er vedtatt av Alver kommune bør ein likevel ikkje godkjenne tiltak som kan kome i konflikt med dei ulike trasé alternativa.

Kart som er vedlagt dispensasjonssaka oversendt frå kommunen er vanskeleg å lese. Tiltaket som er illustrert lengst sør (sagbruksbygg eller landbrukshall?) ligg etter det vi kan sjå midt i ei av dei føreslegne linjealternativa. Tiltaket lengst nord kan vi ikkje sjå at vil vere i konflikt med Statens vegvesen sine interesser uavhengig av kva som vert vedtatt.

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i dispensasjonssak oversendt for klagevurdering.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN